

**Som vi tidlegare har omtala, er det klart for den tradisjonelle julekonserten i kyrkja søndag kveld kl.19. I tillegg til dei trufaste lokale aktørane, har soknerådet i år topa programmet med songarparet Åsne Kvamme og Tore Kloster, som held svært høgt nivå! Saman med den tradisjonelle ramma vil dette setje ein ekstra spiss på konserten.**

Fødd på Halsnøy på sjølvaste julaftan for vel 40 år sidan, og oppvaksen på Kaldestad, har Kvinnheradsrøtene godt tak i Tore Kloster. Dette er nok ein del av forklaringa på at både han og kona Åsne Kvamme har formidla flotte songopplevingar til kvinnheringar ved mange høve gjennom åra. Dei allsidige songarane har mellom anna opptreidd fleire år, og i ulike roller, på Kvinnherad kulturfestival. Med solistkvartetten Membra, der dei utgjer eine halvparten, har dei mellom anna opptreidd både i Valen kyrkje og på Halsnøy Kloster fleire ganger. Som framragande solistar og dyktige kordirigentar har vi og fått oppleve dei.

Kvinnheringen Tore avslørte tidleg eit stort muskar- og songtalent. Alt i ungdomsskulealder på 80-talet gav han ut si første innspeling. Det var saman med ei gruppe som eg meiner heitte Cat People. Bak trommesettet der sat Terje Vevatne jr., eller Terje Frigaard som no er ein profilert og dyktig bluesartist.

Tore sikra seg svært solid songutdanning frå Griegakademiet i Bergen og Royal Academy of Music i London. I tillegg til å vera utøvande songar og songpedagog, er han og ein høgt akta dirigent for fleire kor i Bergensområdet, som held særst høgt nivå. Det kan dei som opplevde å høyre Kammerkoret Gneis då dei vitja Kvinnherad kyrkje, skrive under på.

Kona, Åsne Kvamme, kan skilte med tilsvarande udanning, og CV på høgt nivå både som allsidig utøvar, songpedagog og dirigent! Vi gleder oss stort til å høyre mellom anna O, Helga Natt og Det hev ei rose sprunge med dette framifrå songarparet under julekonserten søndag kveld. Soknerådet fortener ros for at dei har fått parett til bygda for å spreie ekstra julestemning.

I tillegg kan vi glede oss til konsertavdelingar med Uskedal skulemusikk, Kvinnherad trekkspelklubb og Røysterett for alle. Prostiprest Pål Dale held andakten. Konserten startar kl. 19, men Musikklaget vil spele julemusikk, medan folk kjem, når klokka passerer halv 7.

Av: Thor Inge Døssland